



*Lindås, Meland og Radøy byggjer Alver kommune! Etter samanslåinga 1.1.2020 blir vi ein av dei største kommunane i fylket med om lag 30.000 innbyggjarar og 2.500 tilsette. Kommunane våre ligg nord for Bergen, og har ein spennande og variert natur med alt frå lune fjordar og opne hav til høge fjellområde og lokale toppar. Vi har verdas beste korps og eit rikt kulturliv."*

*For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag.*

## Ungdomskoordinator - 100% vikariat, intern Alver kommune

### Stillingsinformasjon

Det er ledig 100 % vikariat som ungdomskoordinator ut 2020. Stillingsa vil ligge til tenesteområde kultur i Meland ut 2019, og kulturtenesta i Alver ut 2020, då under avdelinga Ungdom, fritid og medverknad.

Stillingsa kan tiltredast snarast. Vi søker deg som er fleksibel, kreativ, nytenkande og serviceinnstilt, med stort engasjement og hjarte for ungdom og ungdomsarbeid. Du er tydeleg på fagleg kompetanse, samarbeid med andre partar, prosjektarbeid og utvikling. Du likar at det skjer mykje, og er god på organisere eigne oppgåver, har stor gjennomføringskraft og portefølje i ein travl arbeidskvardag. Som ungdomskoordinator arbeider ein tett saman med ungdom, ungdomsklubbar og andre som arbeider for og med ungdom.

### Arbeidsplass

Kulturtenesta i Meland driv bibliotek, kulturskule, frivilligsentral, kulturbasert ungdomsarbeid gjennom UNG Meland, kulturfagleg rådgjeving og administrativ sakhandsaming. Meland kommune opnar kultur- og ungdomsbygget Meieriet Frakhaug i 2020.

Frå 1.1.2020 vert vi del av kulturtenesta i Alver kommune, og stillingsa vert lagt under avdelinga ungdom, fritid og medverknad med kontor i Knarvik. Alver kommune vil ha nærmare 30 000 innbyggjarar og eit svært rikt kultur- og organisasjonsliv, med spanande utviklingshøve og -behov.

I avdelinga Ungdom, fritid og medverknad vil det arbeides i team med avdelingsleiar, ungdomskoordinatorar og fem ungdomsklubbar.

### Arbeidsoppgåver

Sentrale oppgåver for stillingsa vil vere

- Drifte og vidareutvikle ungdomsbasen UNG Meland frem til 2020
- Ansvar for kulturaktivitetar av, for og med ungdom.
- Sette i gang tiltak for ungdom i skuleferiar
- Arrangere store arrangement for ungdom
- Kontakt og samarbeid med organisasjonsliv og andre kommunale tenester
- Samarbeid med ungdomstilbod i andre kommunar
- Arrangere UKM- ung Kultur møtast
- Samarbeide tett saman med klubbarbeidarne
- Arbeide med etablering av ny ungdomsklubb i Meieriet på Frekhaug.
- Marknadsføring og sosiale media
- Søke midlar

Kvelds- og helgearbeid må pårekna

### Kvalifikasjonskrav

Du er ein tydeleg voksenperson, som er unikt opptatt av ungdom og å vere ein miljøskapar. Du er omgjengeleg, kreativ, løysingsorientert, strukturert, raus og romsleg, samtidig som du kan setje grenser.

Det er ønskjeleg med høgare utdanning innan relevante fagfelt, anna utdanning og erfaringsskompetanse vert vurdert.

Du må ha høg samarbeids- og gjennomføringsevne, og vere god på kommunikasjon. Du trivst med å jobbe sjølvstendig, men er òg glad i å jobbe tett med andre i team. Du kjenner ungdomskulturen og har gjerne erfaring frå frivillig og/eller utøvande kultur-, ungdoms- eller idrettsarbeid.

Du er oppdatert innan IKT-feltet og sosiale medier, og kan orientere deg raskt i ny programvare og webportalløysingar. Du har kunnskap og erfaring med normal programvare, mellom anna Office.

Du har erfaring med prosjektarbeid, grunnleggjande økonomistyring i prosjekt, og tilskotsordningar. Du har erfaring med å arrangere store arrangement.

Det vil verte lagt vekt på kunnskap og erfaring frå ungdomsarbeid, erfaring med gjennomføring av store arrangement og og personleg eignetheit for stillingsa. Administrasjonsspråket i Meland kommune, og framtidige Alver kommune, er nynorsk. Det er krav om førarkort klasse B.

Kvelds, helgearbeid og arbeid i skuleferiar må pårekna

### Vi tilbyr

Ein utfordrande og spanande jobb.

Hyggelege, kompetente og engasjerte arbeidskollegaar

Høve til å vere med å utvikle kulturtenesta i Meland kommune, og i Alver kommune.

Sjølvstendige arbeidsoppgåver

Løn etter gjeldande tariffavtale

God pensjonsordning

### **Søknad skal sendast**

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### **Generell informasjon**

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 07.11.2019

*Utlyst dato* 22.10.2019

Vårref

204/19

### **Kontaktperson**

Eirik Bouwer Utne, Kultursjef, tlf: 56171059, mobil: 93413089, eirik.utne@meland.kommune.no